

Steinbit



Foto: Roger Kvalsund


Status og råd

Det er tre artar av steinbit i norske farvatn: gråsteinbit, flekksteinbit og blåsteinbit. Det er først og fremst i Barentshavet at havforskarane har oversikt over bestandsutviklinga til desse tre artane. Dette er det viktigaste utbreiingsområdet for flekksteinbit og blåsteinbit, mens gråsteinbit har ei mykje vidare utbreiing langs heile norskekysten og i Nordsjøen. Frå desse områda er det stort sett berre fangststatistikken vi har å støtte oss til. Det russiske havforskningsinstituttet PINRO har følgt med i bestandsutviklinga til alle tre artane i Barentshavet sidan 1979 (figur 1). Frå 1979 til 1985 fekk vi her ein klar nedgang i førekomstane av flekksteinbit og blåsteinbit etter ein tiårsperiode med særskilt intensivt fiske av den sovjetiske trålflåten. Fram til 2000 heldt blåsteinbitbestanden seg nokolunde stabil, men har det siste tiåret blitt ytterlegare redusert. Bestanden av flekksteinbit har halde seg rimeleg stabil sidan 1985, med ein liten auke dei siste åra, mens bestanden av gråsteinbit i Barentshavet har vist ein aukande trend i same tidsrom.

Havforskningsinstituttet har kartlagt mengdene av dei tre steinbitartane under det årlege vintertoktet i februar i dei same områda i det sørlege Barentshavet tilbake til 1981. Variansen i resultatene er stor, men hovudlinene i utviklinga er stort sett i samsvar med dei russiske resultatene. Resultat frå vintertokta (2011–2012) viser at talet på blåsteinbit no er under 20 % av langtidsgjennomsnittet 1981–2003, mens flekksteinbit og gråsteinbit er på same nivå som langtidsgjennomsnittet. Målt i biomasse, og under visse vilkår om fangstevna til trålen, vart det i heile vintertoktområdet i 2012 registrert mest flekksteinbit (33 000 tonn), mens mengdene av blåsteinbit og gråsteinbit vart målt til 16 000 og 10 000 tonn.

Fiskeri

Det er først og fremst Noreg og Russland som driv direkte fiske på steinbit. Andre land rapporterte berre 284 tonn steinbit, tatt som bifangst i andre fiskeri, til norske myndigheter i 2011, av dette 168 tonn sør for 62°N. Frå 1905 til 1950 auka dei internasjonale fangstane av steinbit i Barentshavet og langs kysten frå 100 tonn til 14 000 tonn. Etter dette varierte dei årlege fangstane mellom 6 000 og 44 500 tonn (1998), men etter toppåret i 1998 har dei totale fangstane nord for Stad blitt mindre, og har lege kring 17 000–20 000 tonn (figur 2). Det høge kvantumet i åra 1997–2003 skuldast først og fremst eit intensivt fiske etter blåsteinbit. Arten var lite utnytta tidlegare, men vart no ekstra populær på grunn av bifangstreguleringar av andre artar, bl.a. blåkveite og ein aukande russisk marknad. Dette intensive fisket er nok årsak til den negative bestandsutviklinga av blåsteinbit i seinare år.



Figur 1. Bestandsutviklinga til dei tre steinbitartane i Barentshavet i perioden 1979–2012 ifølgje russiske botntråltokt (Shevelev 2012).

Year-to-year dynamics of wolffishes biomass from the Barents Sea and adjacent waters by species in 1979–2012 during the Russian demersal trawl survey.



Gråsteinbit – *Anarhichas lupus*

Familie: Anarhichadidae

Maks storleik: 125 cm og 20 kg

Levetid: 20–25 år

Leveområde: Barentshavet, Norskekysten og Nordsjøen

Hovudgyteområde: Nær kysten, i fjordar og vågar på 50–150 meters djup


Føde: Pigghudar (kråkeballar), muslingar, sniglar og krabbar

Nøkkelta:

KVOTERÅD: ingen kvoteråd

NORSK FANGST (2012): 1110 tonn, i tillegg delar av 1500 tonn steinbit som ikkje er registrert på art

NORSK FANGSTVERDI (2012): 54 mill. kroner (alle steinbitartar til saman)



Fakta om bestandane:

Gråsteinbiten er mykje meir stasjonær enn dei to andre artane. Flekksteinbit og blåsteinbit vandrar fleire hundre kilometer mellom gyte-, beite- og overvintringsområde.

Gråsteinbiten er meir kystnær og lever på grunnare vatn enn flekk- og blåsteinbiten som lever på djupare vatn der temperaturen og saltinnhaldet varierer mindre.

Steinbitartane har ein sesongmessig beitesyklus. I perioden oktober–mai skifter dei ut tennene og sluttar då å beite. Gråsteinbiten fornyar tennene kvart år.

Hofisken blant steinbitartane modnar tidlegare og ved ein mindre storleik enn hannfisken. Den reproduksjonsmessige syklusen ser ut til å vare over to år. Afterdstudium tyder på at steinbiten parar seg og såleis har indre befruktning.

Gytinga føregår over fleire månader, men mykje tyder på at kvar fisk gyt alt på ein gong (Kvalsund 1990). Gytetida er ulikt beskrive i litteraturen, bl.a. frå vår til haust, gjerne tidleg i perioden hos gråsteinbit, og seinare på året hos blåsteinbit. I fangenskap gytt gråsteinbit frå desember til mars. Nokre modne individ hoppar gjerne over ein gyteperiode.

Gyteområda til gråsteinbiten ligg nær kysten, i fjordar og vågar på 50–150 meters djup. Dei viktigaste gytefeltene til flekksteinbiten



Flekksteinbit – *Anarhichas minor*

Familie: Anarhichadidae
Maks storleik: 180 cm og 26 kg
Levetid: 40 år

Leveområde: Barentshavet og spreidd sørover til Nordsjøen

Hovudgyteområde: Sørvestlege delen av Barentshavet på 300–400 meters djup

Føde: Pigghudar (kråkeballar og slangestjerner), sniglar og muslingar. Fisk som føde blir viktigare med auka alder.

Nøkkeltal:

KVOTERÅD: ingen
 NORSK FANGST (2012): 4818 tonn, i tillegg delar av 1500 tonn steinbit som ikkje er registrert på art
 NORSK FANGSTVERDI (2012): 54 mill. kroner (alle steinbitartar til saman)



Blåsteinbit – *Anarhichas denticulatus*

Familie: Anarhichadidae
Maks storleik: 138 cm og 32 kg
Levetid: 16 år


Leveområde: Barentshavet og spreidd i Norskehavet

Hovudgyteområde: Langs kontinentalskråninga djupare enn 400 meter

Føde: Pigghudar og muslingar, også fisk

Nøkkeltal:

KVOTERÅD: ingen
 NORSK FANGST (2012): 767 tonn, i tillegg delar av 1500 tonn steinbit som ikkje er registrert på art
 NORSK FANGSTVERDI (2012): 54 mill. kroner (alle steinbitartar til saman)





meiner ein er i den sørvestlege delen av Barentshavet, på 300–400 meters djup der Atlanterhavsstraumen delar seg i ei grein innover i Barentshavet og ei grein nordover mot Vest-Spitsbergen. Gytefelta til blåsteinbiten er langs kontinentalskråninga djupare enn 400 meter. Utbreiinga av ungfisk av dei ulike steinbitartane blir mellom anna påverka av kva djup eggmassen blir lagt i forhold til havstraumane.

Egga til alle tre artane er store, om lag 6 mm i diameter, og gonaden kan utgjere opptil 25–35 % av kroppsvekta. Hofisken gyt ein masse med befrukta egg som formar

seg som ein rognball. Rognballen veks heile tida etter kvart som nye egg blir gytt inn i ballen – kan samanliknast med å blåse opp ein ballong (Kvalsund 1990). Rognballen er ikkje fast i substratet. Hoa formar ”ballen” under herdinga (sjå bilete).

Egga blir klekte etter 9–10 månader (900–1000 døgngrader), og larvane flyt opp mot overflata og blir førte vidare med havstraumar til dei ved ein viss storleik søkjer ned mot botn igjen. Blåsteinbiten skil seg noko ut frå dei andre artane ved å ha eit meir pelagisk levevis gjennom heile livet.



Figur 2. Norsk (venstre) og russisk (høgre) fangst av dei ulike steinbitartane nord for 62°N i perioden 2000–2011. Norwegian (left) and Russian (right) official landings of the different wolffish species north of 62°N in 2000–2011.